

Frå orrfugleik til skileik

30.01.2009

Barnas Turlag Kvinnherad lokkar med både orrfugleik og skileik i det nye turprogrammet sitt. Orrfugleiken på Storhaug i Uskedalen vart lansert som turmål i fjor og ungane hadde ei stor oppleving. Den skal gjentakst i år, med Odd Steinar Arnesen og Bjørn Olav Tveit som turleiarar.

Opphaldet på Storhaug blir natta frå 2. til 3. mai og overnattinga skjer i lavvo.

'Ein veldig spennande tur' står det i programmet. Biletet over vart teke under opphaldet på Stohaug i fjor.

Skileiken er i Grønli 8. februar og her er Sara Hjelmeland Arnesen og Helge Furdal turleiarar. Turen passar for heile familien.

21. juni er det kanopadling i Æneselva og 4. og 5. juli står fisketur til Urabotnvatnet på programmet.

Den tradisjonelle indianarleiren ved Fjellandsbøvatnet er dette året lagt til 15. og 16. august med Sara Hjelmeland Arnesen, Helge Fudal og Knut B. Eik som leiarar.

Tursesongen til Barnas Turlag blir avslutta 6. september med tur til Gråskallen og Helvikvatnet i Herøysund.

Av Ola Matti Mathisen